

Informasjon frå Sula kyrkjelyd



Kven er eg?



BASICKONFIRMANT

kyrkja.no/sula



Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkomen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida kan du lære meir om deg sjølv og Gud. Du får høve til å utforske nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud. Samtidig får du oppleve mykje nytt.



Å vere konfirmant er eit naturleg val for alle døypte. Dersom du ikkje er døypt, kan du likevel vere konfirmant. Vi gjennomfører då ei dåpshandling i løpet av konfirmantåret.

Kontaktinfo

Besøksadresse:
Rådhuset i Langevåg
3.etasje

Postadresse:
Sula Sokn
Postboks 228
6039 LANGEVÅG

Telefon sentralbord:
70199600

Nettside:
kyrkja.no/sula

E-post:
konfirmant@sula.kommune.no

FaceBook:
Sula kyrkjelyd

Ansvarleg for konfirmantåret 2019/2020:

Barbro Godø Thomassen
Dir.tlf: 70 19 96 04
Mobil: 40 84 89 21

Innhald

- Hovudtema for BasicKonfirmant 2020 er:

Kven er eg?

Vi vil forsøke å nærme oss dette spørsmålet frå ulike vinklar, og sjå på kven vi er i forhold til andre; i forhold til foreldra våre, vener, kjærrestar og kven vi er i forhold til Gud.

- Konfirmantåret er delt inn i 3 delar:
 - a. Konf@Samlingar felles
 - b. Konf@Samlingar gruppe
 - c. Gudstenestedeltaking

a. Konf@Samlingar felles

- Nattcup fredag 15.november i Sparebanken Møre Arena (ca. 18.00-02.00)
- Kirkens Nødhjelp-aksjon tirsdag 31.mars
- Kappelprøving, fotografering og øving i veka før konfirmasjonane

Det kjem muligens 1-2 samlingar til som de vil få beskjed om etterkvart.



b. Konf@samlingar gruppe

Mesteparten av Basicconfirmantopplegget skjer i mindre grupper. Desse samlingane vil bli fordelt på ulike dagar gjennom heile konfirmantåret. Plan for samlingane vert utdelt i september. Du kan velje mellom desse gruppene:

1. Friluftskonfirmant

Friluftskonfirmantgruppa har alt opplegg utandørs uansett vêr. Tid og stad vil variere. Det kan bli både bålkos og turar i skog og mark.

2. Aktivkonfirmant

Aktivkonfirmantane har idrett og aktivitet i fokus. Tid og stad vil variere, og det kan vere både innandørs og utandørs.

3. Kunstkonfirmant

Tenkjer og lærer du lettare gjennom bilete, enn berre gjennom ord? Kunstkonfirmantane får lære om tru gjennom å sjå kunst og høyre bibelforteljingar som har inspirert kunstnarar. Vi skal sjå på kunsten og ulike symbol i kyrkja, og vi skal prøve oss på å lage ting sjølve. Kanskje kan vi få til ei lita utstilling også?

4. Klubbkonfirmant

Klubbkonfirmantgruppa har samlingar i Indre Sula kyrkje, 10-12 torsdagar gjennom konfirmantåret. Gruppa skal planlegge og gjennomføre klubbkveldar som vil vere opne for andre ungdommar. Klubbkonfirmantane er med og bestemmer korleis klubben skal vere.

Det vil også vere nokre undervisningstimar i tillegg klubbaktiviteten

5. Medleder-konfirmant

Var du med på LysVaken som 6.klassing? Uansett kan du no vere med som leder for årets 6.klassingar både på LysVaken og på Tidsreisa. For å vere medleder **må** du kunne vere med alle desse datoane:

Laurdag 30.november og søndag 1.desember (LysVaken med overnatting),
og **torsdag 12. og fredag 13.mars 2020** (Tidsreisa - etter skuletid).

Det vil også vere nokre undervisningstimar i tillegg til dette.

6. TenSing-konfirmant

TenSing er eit nyoppstarta kor for alle frå 8.klasse og oppover som øver annankvar onsdag året igjennom. I tillegg er det øvingsweekend på hausten, samt ulike sangoppdrag året gjennom.

Som TenSing-konfirmant er du med på alle samlingane til TenSing, i tillegg til nokre undervisningstimar.

7. Filmkonfirmant

Det er kjekt å sjå film! Ein god film er underhaldande og seier oss noko om å vere menneske på godt og vondt. Filmgruppa samlast nokre kveldar for å lage og spise vaflar og sjå film. Einaste krav for å vere med er at ein er open for å sjå ulike typer filmar: action, komedie og drama.

Det vil også vere nokre undervisningstimar i tillegg til filmsamlingane.

NB! Det er ikkje sikkert at alle gruppene blir starta opp, og derfor kan vi dessverre ikkje garantere at alle får 1.valget sitt. I påmeldinga må du derfor sette opp ei prioritert liste over alle gruppene.

Kva for ei gruppe du havnar får du vite i løpet av august.

c. Gudstenestedeltaking

Du skal delta på 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret (konfirmasjonsdagen er ein av dei), og du får utdelt dette gudstenestekortet for å følge med på dine gudstenestebesøk. Du må også registrere deg i kyrkja når du går til gudsteneste. Viss du går til gudsteneste andre stadar eller i andre kyrkjesamfunn, sender du oss ein mail om dette, eller får underskrift frå ein av dei tilsette i den kyrkja.

Gjennom året skal alle konfirmantane delta aktivt på ei gudsteneste (ministrantgudsteneste), blant anna med lystenning, hjelpe til ved dåp, offerinnsamling og liknande.

Konfirmantane blir delt inn i grupper på 4-5 stykker, og blir sett opp på ei gudsteneste i løpet av året. Dei møter då opp 20 minutter før og får tildelt enkle oppgåver som dei utførar i samarbeid med ein vaksen.

Gudstenestekortet

- Presentasjon *15. eller 22.september*
- Skulegudsteneste før jul
- Julaftan *24.desember*
- 1.Påskedag *12.april*
- Konfirmasjon *mai*
- Ministrantgudsteneste

- Fritt valgt gudsteneste
- Fritt valgt gudsteneste

Oversikt over gudstenester vil de finne på nettsida vår kyrkja.no/sula, på Facebook (Sula kyrkjelyd), samt i Sulaposten og i Sunnmørsposten.

Konfirmantåret skal vere eit kjekt år både for deg som konfirmant, dei heime og dei du møter som konfirmantleiarar. For å få til dette er vi avhengig av at du som konfirmant møter opp, og at vi i fellesskap gjer ein innsats for at alle skal ha det kjekt og greit. Vi har 2 grunnreglar:

- 1) vi fører oppmøtelister på alle samlingar, og du må møte opp på 80% av desse (gudstenestene kjem utanom dette - sjå **Gudstenestedeltaking** for meir informasjon)
- 2) vi forventer at du viser vanleg folkeskikk i gruppa, både mot leiarar og medkonfirmantar. Ved brudd på dette kan vi måtte sende deg heim frå leir eller samling.

Vi har berre gode erfaringar med konfirmantar frå tidlegare, og er sikre på at viss vi klarer å følge desse reglane blir dette eit flott år.

Det blir forhåpentlegvis lite av dette☺



Konfirmasjonsgudstjenestene



Ved påmelding kan de sette opp ønske om konfirmasjonsdag. Vi garanterer at **alle får den helga dei ønsker**. Tidlegare har vi også garantert dag; dette kan vi dessverre ikkje gjere lengre på grunn av stor pågang på enkelte dagar.

Tidspunkt for konfirmasjon i 2020 er:

Laurdag 2.mai i Indre Sula kyrkje kl. 11.00 og kl. 13.00

Søndag 3.mai i Indre Sula kyrkje kl. 11.00

**Laurdag 9.mai i Langevåg kyrkje kl. 10.30, 12.00 og 13.30
(evt. 11.00 og 13.00 viss behovet er mindre)**

Søndag 10.mai i Langevåg kyrkje kl. 11.00

For at konfirmasjonsgudstjenestene skal verte kjekke for alle, må vi setje tak på antal konfirmantar pr. gudstjeneste. Dette har med lengda på gudstjenestene å gjere, samt at brannforskriftene set tak på antal personar vi kan ha i kyrkjene.

I Indre Sula kyrkje er det plass til max 11 konfirmantar pr. gudstjeneste og i Langevåg kyrkje er det plass til max 18 konfirmantar.

Til foreldre/føresette

Konfirmanten skal delta på 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret. Vi ønsker at de som foreldre/føresette kjem i lag med konfirmanten til gudsteneste. Dette er ein fin måte for deg som forelder/føresatt å kunne ta del i nokre av opplevingane til konfirmanten.

Nytt av året er at konfirmanten skal delta aktivt med enkle oppgaver på ei gudsteneste (ministrantgudsteneste). Kom også gjerne på denne gudstenesta.

Det er nokre ting vi treng hjelp til i konfirmantåret. Nokre av oppgåvene er klare, medan andre kan dukke opp i løpet av året.

Dei oppgåvene som er klare:

Vere vakt/medhjelper i Sparebanken Møre Arena 15.november (18.00 – 02.00)

Vere medhjelpar/bøssebærer/sjåfør på KN-aksjonen tysdag 31.mars

Det er eit eige valg for foreldrehjelp i påmeldingskjemaet.

Spesielle behov

Vi legg til rette for at alle som vil konfirmere skal få høve til det. Om konfirmanten har spesielle behov er det fint om de kontakt med oss før konfirmantåret startar, slik vi kan finne gode løysingar saman.

Konfirmantavgift

Konfirmantavgifta for BasicKonfirmant 2020 er på 1100,- kroner. Dette dekker mellom anna leige av konfirmantkapper og mat på alle konfirmantarrangementa.

Det vert sendt ut giro i løpet av hausten.

Informasjonsmøte

Torsdag 13.juni kl. 19.00 i Langevåg kyrkje


Der vil du få viktig informasjon om konfirmantopplegget og korleis du kan melde deg på. Møtet er for både foreldre/føresette og konfirmanten.

Påmelding

For å melde deg på, går du inn på kyrkja.no/sula. Her vil du finne link til påmeldingsskjemaet.

**Påmeldinga opnar torsdag 13.juni kl. 21.00 -
påmeldingsfrist fredag 28.juni**





STØRST AV ALT